



KYRKJEBAKKEN

INFORMASJONSBLADE FOR AUSTRHEIM SOKN

Nr. 02- 2015 Torsdag 26. februar 44. årgang

Neste nr. av KB kjem ut 26. mars 2015

Nytt stoff innan: 10. mars 2015



Kyrkjekesyss

Treng du skyss for å kome deg til gudssteneste? Då kan du ringe kyrkjekontoret tlf 56 16 72 90 (før fredag kl.14), Elbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35 eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90.

Austrheim Kyrkjelyd Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim

Tlf. 56 16 72 90, faks 56 16 72 91

E-post: kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no
www.austrheim.kyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest:	Trefftid etter avtale
Kyrkjeleverje:	Tysdag – fredag kl. 10 – 14
	Utanom dette etter avtale

Bustadtelefonar:

Sokneprest Per Børge Hillestad	93 44 29 19
Kyrkjeleverje Bodil Monslaup	41 45 72 15
Organist og kyrkjelydspedagog	
Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Svanhild V.Neteland	41 62 73 90

Kyrkjebakken

Meldingsblad for Austrheim sokn.

Utgjevar:	Austrheim sokneråd
Redaktør:	Svein T Villanger,
Redaksjon:	Eli E Daae, Øystein Soldal, Jorunn Kårdal,
Bankgiro:	3490.07.04196
E-post:	kyrkjeba@online.no
Adresse:	5943 Austrheim

Trykk: NetPrint A/S

GUDSTENESTER I AUSTRHEIM SOKN

Søndag 1. mars kl. 11.00

Misjonsgudsteneste
Frode Brügger Sætre
Jostein Hauge
Takkoffer til: Misjonsprosjektet i Mali

Søndag 15. mars kl. 19.00

Undervisnings- og lovsongsgudsteneste
Per Børge Hillestad
Jostein Hauge
Forsangergruppe
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet
Etter gudstenesta vert det soknemøte med årsmelding.

Palmesøndag 29. mars kl. 19.30

Påska i ord og tonar
(sjå eige kunngjering)

Langfredag 3. april kl. 18.00

Gudsteneste
Per Børge Hillestad
Jostein Hauge

1. påskedag 5. april kl. 11.00

Festgudsteneste i høve kyrkja sitt
150 årsjubileum
Biskop Halvor Nordhaug
Prost Geir Sørebø
Sokneprest Per Børge Hillestad
Organist Jostein Hauge, fleire deltek med song og musikk.

Takkoffer til Misjonsprosjektet i Mali
Etter gudstenesta er det jubileumsfest på Samfunnshuset.
Obs påmelding – kunngjering i dette KB

Gud har tala

Gud har tale, det er det store og herlege! Evangeliet ber bod til oss om at Gud har kome inn i vår einsemd og vårt mørke ved sitt evige Ord. Berre ord seier du, eg er trøytt av ord.

Likevel, vi kan ikkje seia det kraftig nok: Nåden og sanninga kjem til oss i ein bodskap som vert forkynt. Først når vi finn staden der vi kan høyra denne bodskapen, er vi på rette sporet. Når tida var komen stod Ordet, skaparkrafa der, midt i vårt kaos. Det er dette Ordet som har skaparkraft nå.

I 1945 kom ein japansk soldat bort frå eigne styrkar, og dreiv ein forunderleg krig for å overleva på eiga hand i den indonesiske jungelen i om lag 30 år: ”Han var på feil stad då bodskapen om at krigen var slutt, vart gjort kjent. Først når hans tidligere kompanisjef kom til jungelen i Indonesia og dimitterte denne gamle japanske krigaren i loslitt uniform, var han viljig å leggja ned våpen og bli med attende til Japan. Han kom til eit folkerikt og strålande Ginza i Tokyo, og alle nyhetsmedier kjempa om å få ein flik av soga hans, ikkje rart han vart overvelta. Avdi han ikkje var på rett stad til å høyra og få informasjon om det som skjedde i verda og Japan, hadde han levd eit underleg liv på eit eksistensminimun i jungelen alle desse åra.

Midt i vår informasjonsflaum er det ein bodskap som lett kan gå hus forbi. Det er ikkje tale om overgang frå håplaus og mørk indonesisk jungel til neonlysande og fantastiske Ginza i Tokyo, men noko mykje større. Vi kan få sjå ”Jesu herlegdom, ein herlegdom som den einborne Sonen har frå Far sin, full av nåde og sanning”. Jesus har vunne krigen, sigeren er vunnen ved Jesu død og oppstode. Slepp Ordet til, då slepp du å leita deg fram for å overleva i mørkret i livsjungelen.

Du får gripa i tru nåden som reiser opp og sanninga som gir deg god rettleiing, meinig og mål for livet. Stans ved krybba, då finn du krossen: Han som ikkje visste av synd har Gud gjort til synd for deg, så du i han skal verta rettferdig for Gud. Sjå at krybba si gâte vert løyst ved at Jesus står opp av grava. Ordet stansar ikkje ved døden, krossen, eller grava. Jesus har vunne siger ved sin død og oppstode! Ordet frelser, føder på ny og gir nytt liv.



Kyrkjebøkene i Austrheim

Døde:

07.01.15	Arne Johan Wisnes	f. 1938
02.02.15	Frode Strømsnes	f. 1977



Soknemøte/årsmøte

Austrheim sokneråd legg fram årsmelding for 2014 på ei samling søndag 15. mars.

Etter gudstenesta som tek til kl. 19.00 vert det samling på Kyrkjelydshuset.

Det vert kveldsmat og samtale om arbeidet i kyrkjelyden.

Ei sak som vert teken opp er evaluering av liturgien vi no nyttar ved gudstenestene.

Dette er eit årsmøte utan val.

Velkommen

Utgjevingsplan Kyrkjebakken første halvår 2015

	Leveringsfrist	KB kjem ut
Nr. 3/15	10. mars	26. mars (påskennr.)
Nr. 4/15	21. april	7. mai (17. mai stoff)
Nr. 5/15	2. juni	18. juni (siste før ferien)
Nr. 6/15	11. aug.	27. aug (første nr. hausten 15)

Takk

Takk

for blomster og helsingar ved vår alles kjære Askjell Malvin Vesterheims` bortgang.

Takk for gáve til kreftforenigen.

Takk til Vatne begravelsebyrå
for god hjelp.

Ein stor og varm takk til heimesjukepleien
og fastlegen ,for god pleie og omsorg.

Takk til prest Per Børge Hillestad for fin
minnestund og organist Jostein Hauge.

Helsing

Ottar,Nils,Sverre, og Benny med familier.

Vår varmeste takk

for blomster og hilsner ved vår kjære
Arne J.Wisnes bortgang og begravelse
20.01.15.

Takk til alle som var med og gjorde dagen
til en fin minnestund.

Takk til prest Per Børge Hillestad, Asbjørg
Steine og Jan Foss som spilte og sang, og
Legene Jarle Gallefoss og Peter Kubon.
En spesiell takk til Nordliheimen for god
pleie og omsorg.

Takk til alle i Vatne Begravelsebyrå.

Takk for gaver til forskning av Parkinson.

Varme hilsner fra Berit, Anette, Bjarte og
Lilly med familier.

TAKK

Stor takk til alle dykk som i førjulstida
og jula 2014, og elles i året gledde oss
med vitjingar, underhaldning,
blomehelsingar og gáver.

Vi set stor pris på slik omsorg og
omtanke.

Spesiell takk til :

Magne Bjørndal/
Per Børge Hillestad og Jostein Hauge
som kjem anna kvar tysdag og held
andakt for oss.

Sanitetsforeninga og Diakoninemda
som arrangerer ulike tilstelningar for
bebuarane.

Alle frivillige som stiller opp
gjennom heile året.

Helsing bebuarar og tilsette ved
Nordliheimen

Takk

Hjertelig takk for besök, helsingar og
gáver til dagen min.

Takk til Diakoninemnda for den fine rosa,
og takk til rosebærar Torunn.

Takk til Lindåsneset sanitetslag for den
fine blomsten, og takk til Anny som kom
med den.

Helsing
Frida Dyrøy



THK-aksjon for Ukraina

Mellomtrinnet på Årås skule skal også i år ha solidaritetsaksjon for å hjelpe barn og vaksne i Ukraina. Dette er no 12. året vi samarbeider med THK, tro, håp og kjærlighet, ein tverrkyrkjeleg organisasjon. **Ukraina er i dag eit land der store område er prega av krig og naud, så dei treng den hjelpe dei kan få!**

I samband med aksjonen i april, kan ein **levere ulike former for bruksting på skulen i veke 15, 16 og 17**: Reine, brukte klede (gjerne merka dame, herre, barn, baby), sko, sengetøy, hygieniske artiklar som såpe, tannkrem og tannbørste, samt teikne- / skriveutstyr og leiker. Vintrane er kalde i Ukraina, så det trengst også varme klede og ullteppe!

Det er ynskje frå THK at ein betaler eit fraktkort på **kr.50 for kvar sekke**. Betal til kontoret. Ein container vert ståande på skulen i aksjonstida. Siste levering vert onsdag 22. april.

Elevane sel loddbøker. Kontaktpersonar for aksjonen er lærarane på mellomtrinnet, m.a. Anne-Margrete H. Øksnes og Berit Ones.

Ukrainakveld på Årås skule, onsdag 22. april kl. 18.00.
Program ved elevane, leiari i THK-stiftinga Vidar Akselsen fortel om situasjonen i Ukraina, og særleg Korosten, der vi hjelper Mor og barn-senteret. Utloftning, ulike aktivitetar og kafé til inntekt for Ukraina.

**Vi tek gjerne imot gevinstar til aksjonen!
Alle er hjartegleg velkomne!**



Helsing
elevar og
lærarar i
C –
blokka

LOPPEMARKED

TID: LØRDAG 20. JUNI

STED: AUSTRHEIM SAMFUNNSHUS.

Har du lopper du må få levert alt nå
ta kontakt med Asbjørg Lohne
tlf 918 07 436.

ARRANG: EIERLAGENE AV SAMFUNSHUSET.



AUSTRHEIM KOMMUNALE SENIORKLUBB

har **ÅRSMØTE/MEDLEMSKVELD**

18.mars - 2015 - kl. 18.00.

Vanlege årsmøtesaker:

Årsmelding

Rekneskap

Val

Under eventuelt:

Skal me ha tur for medlemene til sommaren?

Servering av snittar/kaker/kaffi og te.

Det vert sal av lodd/evt.bingo.

Du er hjartelig velkommen.

Helsing Styret

Søndagsskole Årås

Datoene for våren:

08. mars

12. april

10. mai

Sted: Årås Bedehus. Tid: kl 11.00.

Søndagskolelærer; Hanne Daae
medhjelper Ramona Monslaup.

Vel Møtt.



Årås Bedehus

Søndag 01. mars. Formiddagsmøte 11:00, tale ved Karen Sofie Aasmyr

Tirsdag 03. mars. Bønnekveld på loftet kl 19:00

Tirsdag 10. mars. Årsmøte kl 19:00

Søndag 15. mars. Formiddagsmøte ved NLM 11:00. Odd Eivind Steinsland talar.

Tirsdag 17. mars. Bibeltime på loftet v/Helge Keilegavlen, kl 19:00

Søndag 29. mars. Formiddagsmøte 11:00. Leiv Nesheim talar. Nattverd.

Meir info finn du på: www.austrheimindremisjon.no

Alle er velkomne til samlingane.

Fotpleie

13. april
11. mai
8. juni
29. juni



Kontakt Asbjørg Lohne 918 07 436

BASAR Litlås bedehus

Basar fredag 27. mars kl 18.

Andakt, servering av mat, åresal,
tombola og barnelotteri.

Kom og ver med på ein hyggeleg kveld!!

Temakveld på Kyrkjelydshuset mandag 2. mars kl. 19.00.

«Med Jesus som førebilete» som hovedtema,
vert det arrangert fleire temakveldar i løpet av året.

Neste temakveld har «**Med Jesus på jobben**» som overskrift.

- * Me startar med eit felles kveldsmåltid.
- * Geir Talberg deler nokre tankar rundt temaet.
- * Til slutt kan me alle delta i felles samtalar.

Velkomen til ein spennande kveld!

Arr: Austrheim sokneråd

Med *Jesus*
som førebilete

AUSTRHEIM KYRKJA 150 ÅR

I den historiske delen om kyrkja vil vi denne gongen sjå på dei tre døypefontane som har vore i denne kyrkja. Vi vil også fortelja litt om dei to altartavlene i kyrkja, og skriftstadane frå Bibelen som er måla i våpenhuset og på veggen over koret inne i kyrkja.

Den døypefonten som vart brukt då kyrkja var ny i 1865 hang i ein kjetting eller tau ned frå taket inne i koret. Den var måla i ein kvitgrå farge og det var eit fat oppi den, om vi framleis har original fatet er vi usikker på.



Til restaureringa i 1937/38 vart det laga ein heilt ny døypefont. Denne vart måla i same farge som benkane og altarringen. Det vart gitt ei gave med dåpsfat og mugge i tinn. Denne døypefonten vart brukt heilt fram til 1990. På 1970 talet fekk kyrkja fat og mugge i solv som gave.

Til 125 års jubileet fekk Austrheim sokneråd låna ein gamal døypefont som hadde stått i ei gamal kyrkje på Austrheim. Den kyrkja den har stått i veit vi ingen ting om, men døypefonten er tidrekna tilbake til 1100 talet. Ein kan vel kalla det ein «dåpskum».



Den gamle døypefonten stod på ein trasig sokkel heilt fram til i jan. 2006. Då vart det gitt i gåve ny sokkel i kleberstein. Det er Bergen museum som eig den, og den er deponert på ubestemt tid i Austrheim kyrkja. Det er denne vi brukar i kyrkja no, i heilt spesielle høve vert den frå 1937/38 teke fram til bruk.




Inne i kyrkjeskipet heng det ei seglskute frå taket. Denne er gitt i gåve til kyrkja vår frå Neptun pensjonistforening. Grunnen til at denne delen av kyrkja vert kalla kyrkjeskip er at ein kan tenke seg livet som ei sjøreis saman med Herren. Ein legg frå kai når livet startar og ein legg til kai igjen når livet endar.



Denne altartavla vart laga til den nye kyrkja i 1865. «Kristus i Getsemane», måla av Listing i 1862, kopi av Mengelsberg.

Denne tavla hang frtamme i koret til ca. 1970 då kom den restaurerte gamle altartavla fram. Den frå 1865 vart hengande på nordre langvegg. Ved restaureringa i 1990 vart dette omgjort.

Den som var laga til «nye kyrkjæ» kom igjen på altaret og den gamle kom på kortveggen framme i skipet.



Denne altartavla vert kalla den «gamle altartavla». Den er gammal, den har hatt mange plasseringar i kyrkja. Den har hengt i trappeoppgangen til tårnet, den har vore på nordre tverrvegg, den har vore på veggen ved altaret, tilbake til kortvegg. No i jubileumsåret heng den på nordre langvegg. Håpar den no er på plass der for godt. Den er eit kunstverk vi i Austrheim skal vere stolt av å få ha i kyrkja vår.

Når vi kjem til Austrheimkyrkja, og opnar hovuddøra kan vi lesa på veggen over inngangen til kyrkjerommet:

**På dette sted vil jeg gi fred sier Herren,
Hærskarenes Gud.** Hag. 2, v.9

Så kjem ein vidare inn i vår vakre kyrkje. Over kordøra kan ein lesa skriftstaden som er henta frå Jesaia 57,v.15

**I det høye og hellige bor jeg og hos den
som er knust og nedbøyd i ånden.**

Tenk for eit godt Gudshus vi har i bygda vår, Herren skal gi fred og han skal bli hos oss i gode og tunge tider.

KIRKENS NØDHJELP

FASTEAKSJONEN 2015
22.-24. MARS

I kriser er vatn kritisk!
Vi er der i katastrofen
med rent vatn.
No treng vi deg.

KIRKENS NØDHJELP alliance

Send **GAVE** på sms til **2468** (200 kr)
eller ring **820 44 088** (200 kr) eller
benytt kontonummer **1594 22 87493**



Knuter Catering & Service
www.knutercatering.no
Tel: 90 121 624

Bakkøy grendalag

Strikkekafe i 2015:

Onsdag 4. mars

Onsdag 8. april

Onsdag 2. september

Onsdag 7. oktober

Onsdag 4. november

Onsdag 2. desember

Onsdag 6. januar 2016

Velkommen med eller uten strikketøy

Kl. 19-21

Det vert basar

lørdag 14. mars kl. 15.00

Vel møtt til basar.

UTSTILLING

I samband med kyrkja sitt jubileum har Austrheim sogelag og soknerådet gått saman om ei utstilling på Kyrkjelydshuset.

Her vert det utstilt gamalt interiør frå kyrkja, det vert gamle Biblar og salmebøker.

Plansjar som var nytta i skulen ved Kristendomstimane

Utstillinga vil opna 24. mars og vil stå til godt over påske.

Håpar privatpersonar, skuleklassar, dei eldste i barnehagane og andre lag vil stikka innom.

Opningstider vil bli kunngjort ved plakatar, avisen, www.austrheimkyrkja.no og i neste KB som kjem ut 26/3.

SJÅ VI GÅR OPP TIL JERUSALEM....

Eit møte med påskebodskapen i tonar, bilete og ord.



**Austrheim kyrkje
PALMESØNDAG
29.mars kl.19.30
Kyrkjekaffi
VELKOMMEN**

Takk til alle som kom på den store jubileumsbasaren vår.

Nærare 170 menneske hadde funne vegen til samfunnshuset
denne våte og snøtunge laurdagsettermiddagen.

Takk til alle som kjøpte lodd

Takk til alle som gav gevinstar

Det kom inn tilsaman over kr. 79.000, så no kan vi bestille ny golvløpar. Kanskje den er
på plass før jubileumsåret er omme.

-Kyrkjeprydnad – Kjerringrokken – Soknerådet-

SLØYDKURS

Stad: Løeloftet / Mathias Sætre

Alder: 10-15 år

Tid: 19.feb. og 5. 12. 19. og 26. mars 2015

Kl. 17.30 – 19.30

Påmelding : 91379306

Arr: Årås Sanitetsforening og Vesttun Gard

Kurset er gratis

Austrheim Pensjonistlag

Møteplan for vårhalvåret 2015:

Medlemsmøte onsdag 11. mars kl 16-18,30

Medlemsmøte onsdag 08. april kl 16-18,30

Medlemsmøte onsdag 13. mai kl 16-18,30

Alle møta vert på Seniorsenteret.

Sommarturen vert i år ein dagstur fredag den 12. juni. Vi kjem til bake til reisemål.

Velkomne til alle.
Helsing frå Styret.



ÅRSMØTE

*Austrheim kyst- og sogelag
har årsmøte torsdag 5.mars 2015
kl 19.00 i Grendahuset på Øksnes*

Vanlege årsmøtesaker

Vel møtt til gamle og nye medlemar!

Kl. 20.00

Frode Hervik fortel om arkeologiske kulturminne i Austrheim.

Det er funne mange spor etter våre forbudrar sine aktivitetar frå dei første menneska laga seg bu- og fangstplassar og til Svartedauden la mange gardar øyde.

Servering

Alle er velkomne!

Styret



MASTREVIK TORG - EIN TRIVELEG STAD FOR STORE OG SÅMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583

DITT LOKALE BOSCH-VERKSTED



Vårt verksted utfører:

- EU-kontroll opp til 7,5 tonn
- Registrering
- Reparasjoner
- Servicer intervall
- A/C/klimaservice
- El. feilsøking på motorstyring /div. komfortsystemer
- Glassklinte og rep.
- NB! Vi gir rep. tilbud
- Alt innen dekk

Topp moderne vaskehall

- Høytrykkspyler før hovedvask
- Poleringsprogram
- Bevegende underspylingsprogram
- Gjennomkjøring
- Vask m/polerung = 9 min
- Hver 6. vask gratis



Bensinstasjon med stort utvalg!



Velkommen til en hyggelig handell
www.boschcarservice.no
E-post: fosbil@online.no



Fosnøy Bilsenter

Tlf: 56 16 75 50



Mastrevik

Din rørlegger i distriktet !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!

Når kvalitet og service teller



Mini Frisørsalong



ønsker velkommen

til gamle og nye kunder.

Vi treffes på Åråshøgda 10.

Timebestilling: Mandag, Tirsdag,
Torsdag og Fredag.

Onsdag er stengt

Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko

*Tannlege
Otto Førde
i Mongstadkrysset*



*Jeg tar imot nye pasienter
og yter akutt hjelp.*

Telefon vakt 56 16 98 35



Panasonic varmepumper

5937 BØVÅGEN

Mob. 481 31 534

byggboe@online.no

RENSEANLEGG

Har du fått pålegg om oppgradering?
Vi har godkjente minirenseanlegg

Kontakt:
August Norge AS
Avd. Vestlandet
Tlf: 949 70 680
Mail: svein@augustnorge.no



Ta kontakt for en uforpliktende befering!
www.augustnorge.no

Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

Biblioteket - opningstid

Hovudbiblioteket:

Måndag og onsdag kl. 14.00 -19.00

Tysdag og fredag kl. 10.00 -15.00

Tlf.nr. 56 16 20 07

E-post: bibliotek@austrheim.kommune.no

Fonnes filial:

Torsdag kl. 14.00 -19.00

Tlf.nr. 56 16 83 11

E-post:

fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no

God bok!

SYMJEHALL

Offentleg bading i bassenget på Kaland

Måndag

17-19 Familie/born

(foreldre med små
born vert prioritert)

19-20 Pensjonistar

20-21 Vaksne

Fredag

17-18 Alle

18-19 Alle

19-20 Alle

20-21 Alle

Vaksne kr.30,- Born under 16 år kr.15,-

Bassenget sine opningstider føl skuleruta

Annonse i Kyrkjebakken?

1/1 side + bakside kr. 1.000,-

3/4 – 2/3 side kr. 750,-

1/2 side kr. 500,-

1/3 side kr. 350,-

1/4 side kr. 250,-

Små annonser kr. 150,-

Korte takkeannonser er gratis.

Legevakt/ambulanse

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

Legevakt: 56 35 10 03

Austrheim legekontor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

kl.08.30 - 15.00. Me svarar på

telefonen **08.30 - 12.00** og

13.00 - 15.00.

Utanom desse tidene

kun øyeblikkeleg hjelp.

Ingen reseptbestilling måndagar.

Årås helsestasjonen

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

Nye telefon nr. i pleie og omsorg :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:

56 16 20 49

Vestlia:

56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vår ekspertise bedrer din livskvalitet!

Blåresept - vi har kompetansen!

Har du pose på magen?

Vi fører alt utstyr til deg som er stomioperert, og som er godkjent på blå resept.

Kontakt oss

BANDAbutikken AS

Lindås Senter
5955 LINDÅS

Tlf: 56 36 95 11

E-post: post@bandabutikken.no
Nettbutikk: www.bandabutikken.no



Våre kjennetegn

- Vi har alltid tid til deg.
- Vi er spesialister på vårt fagområde.
- Vi er faglig oppdaterte og vet hva som finnes av hjelpemidler til enhver tid.
- Vi foretar hjemmebesøk etter avtale.
- Vi bringer varene hjem til deg gratis, hvis du ønsker det.
- Hos oss får du produkter som passer deg best!



Følg oss på [facebook/bandabutikken](#)

SUN MASSASJE

THAI OG AROMA MASSASJE
JEG HOLDER TIL PÅ SOLESJØEN 25
400 KR. PR.TIME
TIMEBESTILLING TLF.47957233
NB. JEG HAR IKKE KORTTERMINAL

Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking,rensing
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887



Giving Hope To A Child (GHTAC)

Vi er nå i ferd med å avslutte innsamlinga til kampen mot ebola og vi retter ein stor takk til alle som har gitt pengar til aksjonen. En særleg takk til elevane ved Austrheim Vid. Skule som samla inn heile kr 60.010,- Pengane er sendt til Metodistkyrkja i Monrovia som støtte til deira arbeid mot ebola.

Fadderpengar og grasrotmidlar går som før til bygging av barneheim, **kto 3632 57 54065**. Vi oppmodar fleire til å verta fadder hjå oss. For meir informasjon sjå heimesida vår:

www.givinghope.no

Rolf Maurseth

Styreleiar

Monika Thorpe

Styremedlem

Ole Moen

Forretningsførar

Stine B. Karlsen

Styremedlem

Arne Lerøy

Styremedlem

Kjell-Tore Karlsen

Innsamlingsansv.

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim



**1. PÅSKEDAG 5. APRIL 2015
AUSTRHEIM KYRKJE 150 ÅR
STOR JUBILEUMSFEIRING**

Håpar mange tek turen til kyrkja denne dagen.
Det kjem meir om gudstenesta i neste KB
Gudstenesta er open for alle.

Etter gudstenesta vert det jubileumsfest
med middag og kaffi på
Austrheim samfunnshus.

P.g.a. matservering må vi ha påmelding til festen.

Påmeldingsfrist: seinast torsdag 26. mars
Pris kr. 200,- pr. pers (Familiepris: foreldre og born kr. 500,-)
Påmelding:

Ring Kyrkjelydskontoret tlf. 56 16 72 90

Send e-post: bodil.monslaup@austrheim.sokn.no

Brev til: Austrheim sokneråd, Austrheimsvegen 1262, 5943 Austrheim